

ÅRSPLAN FLATDAL OPPVEKSTSENTER SFO



SELJORD KOMMUNE 2021-2022

TLF. SFO FLATDAL: 90261461 / 35051360

www.seljord.kommune.no

FORORD

Denne årsplanen bygger på mange av dei tidlegare erfaringane og nokre nye moment. Den overordna visjon til Flatdal oppvekstsenter er «Til barnets beste». SFO vil jobbe etter denne visjonen gjennom gode haldningar og gjennom korleis me møter barn og føresette i det daglege. Frå august 2021 vil SFO gjere seg kjent med, og bruke den nye rammeplanen som eit rettleiande dokument. Rammeplanen er laga for å kunne sørge for eit meir likestilt tilbod i alle SFO i landet. Eit slik utviklingsarbeid vil krevje tid og rom for å skape kvalitet og kompetanse i SFO, men og engasjement og energi. Vi må bruke dette året på å bli kjent med planen og omsette den i praksis. Årsplanen er retningsgjevande, det kan hende at vi endrar noko på planane undervegs.



Flatdal
Sigbrit G Valhovd, SFO-leiar

INNHALD

Forord	2
Innhald	3
Hovudmålsetjing	4
Personalet på SFO 2021- 2022	4
Barnegruppa	4
Rammeplan	5
Leik og fysisk aktivitet	5
Kulturaktivitetar	5
Mat og helse	6
Natur, teknikk og miljø	6
Trygghet, glede og respekt	6-7
Aktivitetsplan for SFO	8-9
Dagsrytma	10
Opningstider, leksehjelp og tilbod i feriane	10
Leksehjelp	10
Kontortid	10
Påmeldingsfristar	11
Trivselsreglar på SFO	12
Praktisk info	13- 14
Kontakt oss	14

HOVUDMÅLSETJING

Vi som arbeider ved SFO i Seljord kommune har fylgjande hovudmålsetjing for arbeidet:

Barna skal få ein trygg kvardag med varierende aktivitetar, mykje leik, humor og glede

SFO er eit tilbod for elevar som går i 1 - 4 klasse. I Flatdal held SFO til i hovudbygget på skulen. Basen er kjøkkenet, men vi vil og nytte oss av tilhøyrande rom. Nærområdet som Kyrkjeskogen og Flatdal samfunnshus vil og bli bruka.

Det skal leggjast til rette for godt samarbeid og god informasjonsflyt mellom dei tilsette i skule og SFO, samt tydelege grenser og reglar som er gjennomgåande dei same på skule og SFO. SFO vektlegg også Opplæringslova§9a om barns rett til eit trygt og godt skulemiljø som framhever helse, trivsel og læring. Det skal vere nulltoleranse mot krenking, som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Personalet på Flatdal SFO 2021 -2022

- Sigbrit G Valhovd (SFO leiar)
- Christina Rue
- Andrea Battaglia

Seljord kommune tek inn ein lærling i Barne og ungdomsarbeider-faget. Difor vil det i periodar vere lærling ved skulen/SFO. Det kan og vere andre elevar/ studentar eller personar som er inne i ulike engasjement.

Barnegruppa

På Flatdal SFO 2021-2022 er det 18 barn. Dei er fordelt på 1.2. og 3. klasse.

1.klasse: 4 barn
2.klasse: 6 barn
3.klasse: 8 barn

Rammeplan:

Vi i personalet vil jobbe med å gjere oss kjent med rammeplanen som eit førande dokument gjennom heile året. Rammeplanen gjev nasjonale føringar for korleis vi skal jobbe i SFO. SFO i Flatdal har valt ut fire fokusområde frå rammeplanen som vi vil jobbe med gjennom skuleåret. I tillegg har vi i personalet lagt stor vekt på at tryggleik, glede og respekt er grunnleggjande i ein SFO-kvardag. Dette kjem i eiga avsnitt.

- **Leik og fysisk aktivitet:**

SFO legg stor vekt på frileik som kan stimulere til vennskap og undring. Barn lærer og bearbeider opplevingar og inntrykk gjennom leik. Gjennom variert fysisk aktivitet inne og ute skal SFO bidra til at barna får auka motorisk utvikling og kroppskontroll. Dette fokuset gjev barna ei positiv utvikling og sjølvkjensle, forståing og respekt for eigen kropp. Dei fleste av aktivitetane er frivillige, det vil seie at barna sjølv kan velje om dei vil vere med, medan andre vil vere tilpassa den enkelte barnegruppa. Vi har tysdagsklubben som i år er for 3. klasse.

- **Kulturaktivitetar:**

Gjennom kunst og kulturaktivitetar veks skapergleda og kreativiteten. SFO skal gjere det mogleg for barn å oppleve kunst og kultur, og til å få utrykke seg estetisk.

Det kan vere gjennom dans, drama, og ulike formingsaktivitetar. SFO fylgjer årstidene og ivaretek tradisjonar ved høgtider. Elevar som nyttar seg av Kulturskulen har undervisning tysdag og torsdag i SFO-tida.



- **Mat og helse**

God ernæring har positiv effekt på helse, konsentrasjon og læringsutbytte. SFO skal legge til rette for at barn lærer om god ernæring og varierte smaksopplevelingar. Norske helsemyndigheter gir tilrådingar og gode råd om sunt kosthald. Tilsette på SFO arbeider i tråd med dette. SFO i Seljord kommune er med i eit program som heiter «Liv og røre». Fokuset er fysisk aktivitet, sunt kosthold og matglede, samt det psykososiale miljøet. Ein del av dette programmet er Matjungelen. Dette er eit aktivitetsprogram for SFO. Der kan barn utforske ein jungel av mat og oppleve matglede i fellesskap. Matjungelen inneheld mellom anna aktivitetsopplegg som involverer barna, gjev kompetanseheving for oss i personalet og eit variert utval oppskrifter, inspirasjon og verktøy. Barna skal vere med på å lage to måltid med varm mat i månaden. Til dagleg varierer vi med frukt, brødmatt og pålegg.

I Flatdal er vi ekstra heldige. Våren 2021 sette skulen/SFO i gang med eit hageprosjekt. I hagen blir det dyrka økologiske grønsaker. SFO har som målsetting å bruke grønsakane frå hagen i matsserveringa på SFO. Måltidet er ein viktig arena for læring av sosiale ferdigheiter, som bordskikk og gode måltidsvaner.

- **Natur, teknikk og miljø:**

Leik og aktivitet i naturen skal gi barna moglegheit til å reflektere, bruke sansane, gjenkjenne og beskrive og forstå naturen. Personalet skal ta utgangspunkt i barna sin nysgjerrigheit og interesser. Vi vil legge til rette slik at dei blir kjende med ulike dyr, planter, årstid, landskap og verforhold. Gjennom hageprosjektet vil vi legge vekt på dyrking og trivsel i hagen gjennom året. SFO i Flatdal har flotte uteområde og skogen tett på. Vi tek naturen og nærområdet i bruk heile året, den er ei kjelde til leik, trivsel og god helse! Vi brukar ikkje så mykje digitale verktøy, men har framme Ipad ved perling av mønster, ved bruk av disko og film ved spesielle høve.

- **Tryggleik, glede og respekt:**

Flatdal skule er med i eit prosjekt, Inkluderande barnehage- og skulemiljø, med Paul Viktor Wiker, God Skole. Gjennom gode rutinar ved skulen/SFO skal alle barn på SFO kjenne tryggleik saman med tydelege vaksne i eit strukturert miljø. Arbeidet tek utgangspunkt i at personalet har ein tydeleg kommunikasjon seg imellom og at alle er einige om felles reglar.

Barna skal være sikre på at dei blir sett og hørt og får dekket sine elementære behov. Dette innebærer at personalet må bruke tid på å bli kjent med hvert enkelt barn og legge til rette for gode relasjoner. Trygge barn er ofte glade barn og vi legger stor vekt på humor på SFO. Alle barn på SFO skal oppleve tryggleik gjennom lek, tilpasset opplæring, meistring og vurdering. Dette inneber at det er positive voksne som jobber på SFO. Det er personalet som har ansvar for å skape dei positive situasjonane.

Aktivitetstilbudet skal tilpasset alder, funksjonsnivå og meistringsnivå. For at barna skal oppleve glede gjennom aktiviteter, må disse tilrettelegges slik at barna opplever meistring.

Det er viktig at barna får være med på å bestemme over egen fritid- vi legg derfor stor vekt på barns medråderett!

Alle skal oppleve respekt gjennom å være inkludert og akseptert i kvardagen. Det vil seie at vi saman skal jobbe for at alle viser toleranse ovanfor kvarandre uansett kven vi er, eller kvar vi kjem frå! Barn skal lære å ha respekt for kvarandre. For å få til dette må vi bli kjent med kvarandre - den beste måten er gjennom lek, aktivitet og samtale. Personalet bidreg gjennom å tilrettelegge for allsidig og variert lek/ aktivitet, der alle kan delta ut frå sine føresetnader, og på den måten bli inkludert.



Aktivitetsplan for Flatdal SFO 2021 -2022

Planen er laga utifrå dei fire fokusområda som vi vil jobbe etter.

August:

- Treffe kvarandre igjen etter ferien.
- Bli kjent med nye barn og vaksne.
- Trene på daglege rutinar og reglar for SFO.
- Vere mykje ute og bli kjent på skulen sitt område.

September:

- Trene på daglege rutiner og reglar på SFO.
- Fysisk aktivitet
- Natur og miljø, gjere oss kjende med nærmiljøet.
- Brannvernveka (veke 38)

Oktober:

- Tysdagsklubb (3.klasse)
- Fysisk aktivitet
- Varm mat (laga av husets kokkar)

November:

- Jolebakst
- Joleførebuingar
- Tysdagsklubb (3.klasse)
- Fysisk aktivitet

Desember:

- Frivillig Joleverkstad.
- Joleforteljning.
- Tysdagsklubb (3. klasse)
- Leik etter ver og forhold.

Januar:

- Leik etter ver og forhold.
- Tysdagsklubb.
- Varm mat (laga av husets kokkar)

Februar:

- Vinterfest (dato ikkje satt)
- Tysdagsklubb
- Ake- og snoaktivitetar.
- Olympiske Leker - OL

Mars:

- Førebuing til hagen.
- Mat i Domen
- Tysdagsklubb
- Fysisk aktivitet
- Dei eldste barna frå barnehagen besøker SFO

April:

- Fysisk aktivitet.
- Gul dag
- Påskepynt
- Tysdagsklubb med avslutning

Mai:

- Natur og miljø. Dugnad på uteområdet. Vi plantar og sår på uteområdet.
- Fysisk aktivitet.

Juni:

- Rydde og vaske før ferien.
- Uteleik / vannleik.
- Fysisk aktivitet, vi er mykje ute.

Dagsrytma:

7.30-08.40	Eiga niste, om dei ikkje har ete heime. Frileik
08.40 - 14.10	Skule måndag
08.40 -13.10	Skule, tysdag, onsdag, torsdag, fredag
13.10 - 14.10	Blåtime
14.10 -14.45	SFO, opprop, handvask, måltid
14.45 -16.30	Handvask, uteleik/ inneleik, frie og styrte aktivitetar
16.30	SFO stenger

Opningstider, leksehjelp og tilbod i feriane:

SFO i Flatdal har desse opningstidene:

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
7.30- 08.40	7.30-08.40	7.30-08.40	7.30-08.40	7.30-08.40
Skule	Skule	Skule	Skule	Skule
14.10-16.30	13.10/14.10- 16.30	13.10/14.10- 16.30	13.10/14.10- 16.30	13.10/14.10- 16.30

Leksehjelp:

1.og 2. klasse onsdag 13.10 - 13.30

3.og 4. klasse tysdag 13.10 - 13.30

Kontortid:

Tysdag kl. 8.40 – 11.45

SFO er stengt:

- Jol: frå 22.desember. Fyrste skuledag etter nyttår: tysdag 4.1.22
- I juli månad
- 3 planleggingsdagar 12.8.21, 13.8.21, og 4.1.22

Påmeldingfristar:

Det blir levert ut påmeldingsskjema til ferie i god tid før fristane. Listene **må leverast tilbake** sjølv om tilbodet ikkje skal nyttast. Då veit vi at lappane er lesne.

NB! Hugs at bestilte dagar må betalast sjølv om dei ikkje blir nytta. Pris i feriar og fridagar er 250,- per dag og 30,- per dag i kost.

Feriar:	Veke/dato:	Påmeldingsfrist:
Vinterferie:	veke 8	25.1.22
Påskeferie:	15.4. -18.4.	1.4.22
Fredag:	31.5.22	10.5.22
Sommarferien:		3.5.22



TRIVSELSREGLAR PÅ SFO

- Vi er høflege, alle barn og vaksne helsar på kvarandre
- Vi er greie med kvarandre
- Vi lar alle vere med på leik og andre aktivitetar
- Vi går roleg når vi er inne
- Vi ryddar opp etter oss ute og inne
- Vi held oss innanfor grensa når vi er ute
- Vi seier "ha det" og kryssar oss ut ved døra når vi går heim

Praktisk info:

Oppmøte :

SFO har anvaret for barna når dei eller dei føresette har kome inn på SFO om morgon.

Beskjed:

Dersom barnet enkelte dagar ikkje skal vere på SFO eller blir henta av andre vil vi alltid ha beskjed.

Heimebesøk må avtalast på forhand.

Samarbeid :

Eit av måla til dei tilsette ved SFO er å arbeide for at barn og vaksne skal kjenne seg velkomne når dei kjem. Den daglege kontakten vi har med foreldre/føresette er veldig viktig for å bli kjent med dykk, utveksle informasjon og liknande.

Frukost:

Dei som vil ete frukost på SFO må ha med seg eiga niste. Mellom kl.14.10 og 14.50 vert det servert eit brødmåltid. Vi vil dette året prøve å la barna lage mat, og vi har eit varmt måltid to gongar i månaden.

Klesskift:

Føresette må passe på at barna alltid har eit ekstra sett med tøy liggande. Barna må ha med seg klede slik at vi kan vere ute å leike. Vi er ute i all slags ver! Inne skal dei ha innesko. Klede, sko og liknande må merkast. Dei vaksne på skulen hjelper barna å få med seg evt. skiftetøy frå klasseromma til SFO.

Attgløymde klede:

Vi tek vare på alt tøy som tilsynelatande ikkje har nokon eigar.

Kleda ligg i gangen ved SFO. Kleda blir fjerna i slutten av kvar månad.

Leiker:

På SFO har me mange fine leiker, difor skal private leiker ligge att heime.

Henting:

Gje **alltid** beskjed til ein av dei vaksne når de hentar barnet. Vi vil ha beskjed dersom barnet ein dag blir henta av andre. Hugs å krysse ut barnet før de går.

Liste heng i gangen.

Kjøpeplass:

Kjøp av ekstra timar: kr 60,- pr. time + 30,- pr. dag for kost.

Det er syskenmoderasjon for kjøpetimar.

Kjøp av ekstra dagar i feriar : kr 250,- + 30,- pr. dag

Morgon = 1 time

Ettermiddag = 3.5

Følg med på heimesida for eventuelle endringar.

<https://www.seljord.kommune.no/skule-sfo.480146.nn.html>

Skal barnet ha fri er det viktig at vi får beskjed då andre kan kjøpe plassen

Kontakt oss:

Mobil SFO: 90 26 14 61

E- post:

sigbrit.valhovd.grinaker@seljord.kommune.no

pia.robertsen@seljord.kommune.no

Telefon:

SFO leiar: Sigbrit Valhovd, 905 43 972

Einigsleiar: Pia Groven-Robertsen, 916 27 820

Vi gler oss til mange minnerike opplevingar med ungane, og eit godt og varmt samarbeid med dykk!

Sigbrit, Andrea og Christina ☺